



Sykkylven sokneråd møte 09.09.21 kl. 19.00

Desse møtte: May Lisbeth Hovlid Aurdal, Torbjørn Støylen, Monica Breivik Orre og Bjørg Djupvik Grebstad.

Varamedl.: Tor P. Mørkeseth

Kyrkjeverje Arild Sporsheim møtte også til sak 20/21.

Forfall : Linn Tårnes, Therese Utgård Aas og Marit Akslen

Åpning : v/ May Lisbeth : «Bruk talenta»

Presentasjon av : Vikarprest Gunnar Torset.

Sak 18/21 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak: innkalling og sakliste vart godkjent

Sak 19/21 Godkjenning av referat frå møte i Sykkylven sokneråd 19.05.21

Vedtak: referat frå møte den 19.05.2021 vart godkjent.

Sak 20/21 Kyrkjeordning – førebuande til høyring

Dei fleste hadde sett filmen som låg under linken før møtet.

Link til kyrkja si informasjonsside om prosjektet (rapporten, høyringsdokumentet, bakgrunnen for arbeidet m.m.):

<https://kirken.no/nb-NO/om-kirken/slik-styres-kirken/kirkelig%20organisering/>

Grunnleggande intensjon : Felles arbeidsgiverlinje for alle kyrkjelege tilsette er eit mål.

Utifrå tidlegare høyring, ser det ut som om prostimodellen har størst oppslutning. Ønsker SR å gjere endring i forhold til dagens modell? 3 alternative modellar velge mellom

Saka kjem opp ved fleire høve. Fellesamling sokneråd Ålesund 22.09. Frist for innsending av høyring er 1.des.

Sak 21/21 Datoplan

Regionalt allmøte i Ålesund for fellelsråd og sokneråd den 22.sept.

Soknerådsmøte Sykkylven 05.oktober

Felles soknerådsmøte med Ikorntnes sokneråd den 2.nov.

Sorgseminar «Kunsten å leve med sorg» v/Odd Eidner og diakon Kristin K. Lohne den 4.nov.

Soknerådsmøte Sykkylven 23.el 25.november (Høringsfrist 1.des)

Sak 22/21 Seniordag 31.10.21

Tillaging – borddekking-pynting-opprydding – leiing – program Sykkylven sokneråd lager til og er med på servering.

Sykkylven sokneråd

Ikornnes sokneråd rydder av borda og vasker opp.
Middag og dessert blir bestilt av kyrkjekontoret.
Desse har sagt ja til å vere med i tillaging:
Torbjørn, Tor, Bjørg, Monica, May Lisbeth,
Spør i tillegg: Helene og Svein Erik Kampenes, Jan Kåre Aurdal

Sak 23/21 Søknad om permisjon og forflytting av vara.

Varamedl. Marit Akslen har søkt om permisjon eit halvt år frå no. Morten Hjellegjerde trådte i juni ut av soknerådet grunna flytting. Vi ber kyrkjeverjen om å sende brev til medlemar som ikkje møter, eller melder forfall. Minner om at som valgt medlem i soknerådet har ein både stemme og møteplikt. Vi viser til Lov om DNK, §30. Ber medlemane merke seg at varamedlemar har rykke høgare opp på lista, grunna permison og flytting.

Orienteringssaker

Stab/SR-leiarar planlegging Loen (Ovf midlar)
Saman som kyrkje i heile verda – Sykkylven
Godt resultat-stor oppslutnad. Vidareførast vår 2022
Bemanningssituasjonen : Prest / trusopplæringskoordinator
Konfirmantar
SP Ikornnes utlyst og intervju. Søkjer har trekt seg.
Beredskapsgruppe er under planlegging. Møte 05.10.21
Felles møte begge sokneråda: Tema Frivillighet 02.11. Set av dato!
Orientering om kyrkjemessa ved Bjørg Djupvik Grebstad.
Styret i kyrkjemessa hadde møte den 7.sept. Det blir loddsalg som i 2020.
Trekning i november.

Neste ordinære møte i SR planlagt til 05.oktober og 23.nov.

Referert av Torbjørn Støylen